

PÅMELDING TIL ABONNEMENTSORDNINGA FOR SKULEMJØLK SKULEÅRET 2011/2012

SKJER PÅ WWW.SKOLEMELK.NO

Det er ingen tvil om at eit ordentleg skulemåltid med brød og mjølk betyr mykje for at konsentrasjonsevna og læringsmiljøet i klassen skal vere på topp, da påfyll midt på dagen hjelp til å halde blodsukkeret stabilt. Mjølk er naturleg rik på vitaminar, mineralar og protein kroppen treng kvar dag.

Føresatte tingar og betalar skulemjølka direkte til TINE frå

1. august 2011. Gå inn på www.skolemelk.no for tinging av abonnement. På forsida finn du hjelp på 17 ulike språk.

1. Registrer deg som ny brukar

Lag ein ny brukar under føresette. Legg inn foreldre sitt fornamn og etternamn, telefonnummer og e-postadresse. Passord vel du sjølv. Logg deg deretter inn med e-postadresse og ditt sjølvvalte passord.

2. Registrer ny elev

Registrer elev/elevar og opprett abonnement for ½ eller 1 skuleår om gongen. Skriv inn namnet på eleven/elevar. Vel først elev, vel fylke, kommune, skule og klasse. Vel produkt. Legg ønska produkt(ar) i handlekurva. Viss du skal registrere fleire elevar, gjer prosessen på ny.

3. Til betaling

Gå til betaling, vel betalingsmåte og fullfør ordren. Husk å skrive gateadresse viss du betalar med faktura. Det er gebyr når man vel å få tilsendt faktura. Vel du kredittkort er det gebyrfritt. Du betalar frå den dagen mjølka leverast fyrste gong.

4. Fullfør bestilling

Du vil få ei stadfesting på e-post frå TINE SA. Her vil du sjå kva som blir første dagen for levering og kor mange dagar betaling/abonnementet gjeld for.

Du kan kva tid som helst i løpet av skuleåret melde på bornet ditt, men vi oppfordrar alle til å gjere dette så fort som mulig, og helst før 1. september, slik at skulen raskt får oversikt over dei som har meldt seg på. **For å få mjølk frå 1. skuledag, bør tinginga vere inne før 8. august 2011.** Kva for ein mjølketype barnet ditt kan velje avheng av kva for eit sortiment skulen har valt. Produktoversikt finn du på framsida av www.skolemelk.no.

Treng du hjelp av TINE, sjekk først "Ofte stilte spørsmål" på framsida av www.skolemelk.no, les brukarvilkåra eller send oss ein e-post på skolemelk@tine.no. Dersom du ikkje finn svar her, kan du ringje vår supporttelefon 815 20 020 på kvardagar mellom klokka 08.00-16.00. Dersom du ikkje har tilgang til Internett, kan du spørje ein lærar på skulen om han/ho kan hjelpe deg å tinge eller du kan gå til nærmaste bibliotek og låne pc der.

Med vennleg hilsen

TINE SKULEMJØLK

